



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
044/26	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	01.09.2026
	Finansutvalet	

Eigenbetaling praktisk bistand, justering

HSOUV- 044/26 Vedtak:

Informasjon om justering av innslagspunkt frå trinn 1 til trinn 2 vert teke til vitande. Endring i regulativ følger budsjettprosessen vidare.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Informasjon om justering av innslagspunkt frå trinn 1 til trinn 2 vert teke til vitande. Endring i regulativ følger budsjettprosessen vidare.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har følgande fastsette satsar for eigenbetaling praktisk bistand.

	Sats pr mnd	Auke	
1-2 G	245,-		Nasjonal minstesats
tom 3G	3041,-	2796,-	Lokal vedteken sats
tom 4 G	3551,-	510,-	Lokal vedteken sats
tom 5G	4076,-	525,-	Lokal vedteken sats
Over 5 G	4593	517,-	Lokal vedteken sats

For nokre brukarar medfører dette ei betydeleg auke i kostnad sjølv med ei låg auke i inntekt for dei brukarane som i dag betalar minstesats og kjem over i inntektsgruppe «tom 3G».

Eit døme på dette er ein brukar som i 2025 var under innteksgrensa på 2G, men som i 2026 overstig grensa med kr 1 586,- og dermed kjem over på trinn 2 i betalingstabellen. Brukaren må då betale 3 045,- pr mnd i staden for 245,-, ei auke på kr 2 796 pr mnd. Dette utgjer ein årleg auke i kostnad på kr 33 552,-, som i dette tilfellet er kr 31 966,- meir enn auka i inntekt.

Saksopplysningar:

Kinn ein av dei kommunane som ligg høgast i kostnad i overgangen mellom trinn 1 og 2 i tabellen. For nokre av våre brukarar medfører denne kostnadsauken til at dei ikkje har økonomi til å bære kostnadane.

Vi har henta inn tal frå nærliggande kommunar, samt eit tilfeldig utval av andre kommunar, og finn følgande satsar:

	Abonnementpris										
	Kinn	Fjaler	Sunnfjord	Askvoll	Høyanger	Hyllestad	Bremanger	Alver	Voss	Bodø	Snitt
0-2G	245	245	245	245	245	245	245	245	245	245	245
inntil 3G	3 041	2 400	2 700	1 475	1 818	1 380	3 450	1 118	1 250	1 480	1 897
inntil 4G	3 551	2 600	3 300	2 240	2 376	2 070	3 790	1 749	2 300	2 368	2 533
inntil 5G	4 076	2 900	3 500	3 120	2 934	2 415	4 660	2 515	3 200	4 144	3 265
over 5G	4 593	3 200	3 800	3 778	3 420	3 450	5 450	3 395	4 050	5 328	3 986

For dei fleste kommunane er prisen på abonnement rekna ut frå ei skjermingsgrense på 10 timar pr mnd, som betyr at timeprisen for tenestene på dei ulike trinna er lik abonnementpris delt på 10. For Kinn betyr dette ein timepris på kr. 304,- for dei som vert fakturert timevis i høve trinn 2 i tabellen.

Vurderingar:

Det er behov for å sjå på auken i satsen mellom trinn 1 og 2, og lage ein betalingstabell der auken i kostnad ikkje utgjør meir enn auken i inntekt. Dette kan vi legg til som regel i skjermingsreglementet.

Dette kan utførast ved å auke 2G grensa med 33 552,-.

For å hindre/reducere effekten av at kostnad for dei som tenar marginalt ut over 2G utgjør meir enn kva inntekta overstig denne grensa (ref eksempelet ovanfor) aukar innslagspunktet på trinn 2 med 2 796,- * 12 = 33 552,-

Ny inntektsgrensetabell vil då være:

1G=	136 549	Frå	Til
H1	1-2G (+33 552)	0	306 650
H2	3G	306 651	409 647
H3	4G	409 648	546 196
H4	5G	546 197	682 745
H5	Over 5G	> 682 745	

Økonomiske konsekvensar:

Basert på brukarar for 2026 vil dette gjelde 38 personar.

14 av desse betalar i dag for eit timetal over 10 pr mnd, og betalar abonnement for tenestene. Dei vil få full effekt av slik skjermingsregel, og i sum utgjør det kr. 33 552 * 12 = 469 728,- pr år i inntektsbortfall for Kinn kommune

24 av desse har eit timetal pr mnd varierende frå 1 til 8, og inntektsbortfall for Kinn kommune vil for desse utgjør ca 169 478,-

Samla sett eit inntektsbortfall for Kinn kommune på kr 639 206,-

Merk at talet på brukarar som dette gjeld varierar frå år til år, og at reknestykket dermed kan endre seg både positivt og negativt over tid.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 01.09.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

HSOUV- 044/26 Vedtak:

Informasjon om justering av innslagspunkt frå trinn 1 til trinn 2 vert teke til vitande. Endring i regulativ følger budsjettprosessen vidare.

